



## Veien vil være stengt hver dag i nesten to måneder

■ **TINN** I forbindelse med de avsluttende arbeidene på Sønstevatn-dammen blir veien over dammen stengt fra 11. september. Veien stenges fra klokken 7 til 19 mandag til fredag, forteller Skagerak Energi.

Fylkesvei 124/755 mellom Buskerud og Telemark over Imingfjell har vært periodevis stengt ved Sønstevatn-dammen på dagtid

fra 12. august. Fra 11. september stenges veien helt på dagtid, men vil være åpen lørdager og søndager.

– Vi ser oss nødt til å stenge veien av hensyn til sikkerheten ved anlegget og at vi skal rekke å bli ferdig med arbeidene på dammen før vinteren setter inn, forteller prosjektleder Richard Volhovd i Skagerak Kraft.

– Av hensyn til turisttrafikken har det vært viktig å ha en mulighet for å passere dammen på dagtid fram til nå. Nå i avslutningsfasen skjønner vi at det er viktig å ha best mulig arbeidsforhold for entreprenøren, slik at dammen, og den nye veien over dammen, blir så bra som mulig, sier varaordfører i Tinn kommune, Halvor Lurås.

# e storauren



IKKJE BLIDE: Birger Gauslå (f.v.), Bjørn Olav Haukelidsæter og Kai Bratteså er ikkje fornøgd med den låge vassføringa i Tokkeåi.

FOTO: HALVOR ULVENES

## Fortvila sportsfiskarar

### Sportsfiskarane i Tokkeåi ønskjer ein kraftproduksjon tilpassa miljøet.

**Halvor Ulvenes**  
halvor.ulvenes@varden.no

**TOKKE** – Det er ille med den låge vassføringa, seier Bjørn Olav Haukelidsæter, der han står saman med Kai Bratteså og Birger Gauslå ved ein av verste tersklane i denne elva, rett bak Tokkehallen.

### Må vekk

– Det er ikkje så mykje som skal til. Dei 17 steintersklane må gjerast om, slik at fisken lett kjem fram til gyteplassane. Det er blitt enorme øydeleggingar på gyteplassane. Me synest det er vanskeleg å få dialog med Statkraft. Eg sende brev i juni om kva grunnlag dei har for ikkje å følgje konsesjonsvilkåra, men har ikkje fått nokon respons. Eg trudde det var vanleg folkeskikk å svare på brev. Me er ikkje ute etter selskapet, for dette er også ein viktig arbeidsplass i kommunen. Men betre miljøpassa kraftproduksjon vil bety ein oppgang for sportsfisket. Det kan bety millionar i auka inntekter for reiselivet. Statkraft har 1,4 milliardar kroner årleg i inntekter her oppe, så verdiskapinga er formidabel. Derfor har dei midlar til å bøte på øydeleggingane. Norsk institutt for vannforskning (NINA) foreslo fleire detaljerte undersøkingar, men Statkraft ville berre betale for delar av dette, seier dei ihuga sportsfiskarane.

### Livsfare

Kai Bratteså drog nyleg opp

ein storaure på 9,2 kilo, som ein del av forskingsprosjektet til NINA.

– Storauren er i livsfare. Det eg har sett er at hoaren ikkje går så langt opp i elva som tidlegare. Dette er alvorleg, seier Bratteså. I løpet av dei siste 40 åra er det registrert 29 aurar over 10 kilo i dette vassdraget.

Fylkesmannen fredda denne storaurestamma i 1993. Det er no forbod mot garnfiske ved utløpet/overgangen mellom Tokkeåi og innsjøen Bandak.

### Enorm respons

Sportsfiskarane oppretta nyleg ei side på nettstaden Facebook – kalla Tokkeåi. Der skriv sportsfiskarane om den vanskelege situasjonen for storauren i Bandak.

– Besøket har teke heilt av. Etter berre ei veke hadde 51.000 personar vore innom sida. Det seier litt, seier Bjørn Olav Haukelidsæter, som har fått bakoversveis av den enorme interessa på fjesboka.

### FAKTA

#### Dette er rekordane

■ I 1981 tok Robert Torp frå Nes ein aure i Mjøsa på 15,3 kg. Dette er den største auren som til no er registrert på stong i Noreg. Dette var ein hofisk, som hadde hatt eit kvileår – dvs. den hadde gyta i 1980. Rekordfisken var «berre» 90 cm, men hadde eit livsmål på 66 cm. Fisken hadde såleis ein ekstremt høg kondisjonsfaktor, ifølgje nemnde artikkel.

■ Verdsrekorden for aure på stong er 18,25 kg, teke 9. mai 1992 i Little Red River i Arkansas.

## resultat

rar miljøkoordinatoren. Han legg elles til at det har pågått ein hard fangst av storauren i Bandak og Tokkeåi, før det kom restriksjonar om dette.

Talsmannen til Statkraft opplyser vidare at det er gjort fleire miljøtiltak medan undersøkingane pågår. Det skjer etter tilråding frå NINA, og er i samarbeid med Bandak fiske-lag.

Kristiansen viser her til sjølvpålagt restriksjon for nedkøyring av Lio kraftverk og

sjølvpålagt restriksjon i Bandak som sikrar jamnare vatnstand. Opning og restaurering av eit 500 meter langt sideløp som tidlegare har vore stengt, er eit anna tiltak. Han opplyser at interesserte finn info på nettsida bandakkanalen.no, som er ei samarbeidsside mellom partane.

Kristiansen seier at brevet frå sportsfiskarane blir vurdert av juridisk personell i desse dagar, og det vil bli gjeve svar i løpet av kort tid.

### FAKTA

#### Ti på topp

1. Ivar Haukelidsæter 15,5 (2003)
2. Olav Bratteså 12,5 (1980)
3. Olav Bratteså 12,0 (1985)
3. Olav Langelid 12,0 (1999)
5. Dag M. Solheim 11,6 (2004)
6. Ivar Haukelidsæter 11,6 (1991)
7. Olav Bratteså 11,5 (1990)
8. Ivar Haukelidsæter 11,5 (1982)
9. Anette og Astrid Bratteså 11,5 (1997)
10. Ove Kjell Huvestad 11,5 (1971)